



Christian Tyssebotn
Lurevegen 543
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1846 - 17/28901

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
04.10.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 155/6 Monstad.

Dokument:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag og kart.

Søknaden:

Det vert søkt om pengar til sette opp gjerde rundt eigedommen Norde Li gbnr 156/1. Dette er ein eigedom som søker nyttar til beite for sau, geit og skotsk høylandsfe.

Det er eigedommen vest for FV402 som skal gjerdast inne.

Lengde på gjerde vert 2600 meter. Tiltaket er kostnadsrekna til kr.260000,-.

Søker skriv: «Inngjerding av eit stort og samanhengande innmarksbeite.

Tyssebotn driv mange eigedommar på Monstad og Vollom. Han gjer eit flott arbeid med eigedommane og innsatsen har ført til at areala er opne og vel skjøtta.

Vurdering:

Søker skriv at areala er innmarksbeite. Gardskartet for Norde Li syner at areala for det meste er skogsmark av sær høg bonitet. Eit mindre område er innmark og beite.

Økonomisk kart frå 1979 syner at meir av dei areala som i dag er skogsmark, var klassifiser som innmarksbeite. Men og dp var dette berre ein mindre del av alt areal.

Areala på garden er stort sett vende mot aust. Det er til dels stor lauvskog – mellom anna ein del eik. Vest og nord for tunet er det meir spreidd lauvskog.

Søker hevdar at desse skogsområda er opne og har beitegras i botnen. Når dei vert gjerdast inn vil dei fort verte gode innmarksbeiter, kanskje med preg av hageskog.

Regelverk og tiltaksstrategi opnar ikkje for tildeling av tilskot til å gjerde inn skogsmark. Tilskotet gjeld areal som er prega av oppdyrking, beiting, slått og brenning. Det gjeld og synleggjering av eldre kulturspor – bygningsrestar, seingardar, bakkemurar o.s.v.

Retningsgjevande satsar for kostnadar som kan godkjennast er kr.80,- pr.meter for gjerde. Dette er både for arbeid og materiell. Samla kostnad for tiltaket som kan godkjennast vert då kr.208000,-.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Normal tilskotssats er 50%. I dette høvet finn kommunen at tiltaket er så stort og omfattar areal som ikkje har rett på tilskot. Reduksjon er og naudsynt av di kommunen har fått inn fleire søknader enn det tildelte midlar gjev rom for å løyve pengar til.

Ein finn difor at tilskotssatsen må reduserast til 30%. Løyvd tilskot vert då kr.62400,-.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 62400,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2018.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 3632 53 77288 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak.De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrift.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:

Christian Tyssebotn

Lurevegen 543

5912

SEIM